



DEN NORSKE KYRKJA
Høyanger kyrkjelege fellestråd

Dalevegen 4
6993 HØYANGER
Tlf: 57714100
Kyrkjekontoret 30.08.2019

Møtebok Høyanger kyrkjelege fellestråd

Møtedato: 29.08.2019

Møtetid: kl. 10:00

Møtested: Høyanger Kyrkjekontor (Møterom)

Tilstede:

Audun Digranes, Irene Aase Aarseth, Geir Ytredal, Torunn Styve, Sissel Sørebo, Sølvi Gunn Kalstad, Runar Matsui-Li, Solveig Norevik

Meldt forfall:

Marte Igelkjøn, Vidar Myren.

Kopi av møteboka går til:

Hilde Ullebø Thabyan, Lillian Hommedal, Marte Igelkjøn, Vidar Myren, Erlend Andre Høyvik Haugsbø, Jarle Berge, Gunnbjørg Rosvold Friis, Ingrid Aven, Øyvind Rømo, Bodil Førde, Frode Merkesvik, Andreas Ester, Reidar Knapstad, Petter Sortland, Kjellaug Ekse Brekkhus, Gerda Otterstein, Toril Lange, Katarina Vattekar, postmottak Høyanger kommune.

Sakliste

Godkjenning av innkalling og referat frå siste møte.

Utsending av innkallinga var sterkt forseinka pga. sjukdom. Nummereringa av vedtakssakene skal vere 17, 18, og 19 – ikkje 16, 17. 18. Dette vart retta opp, og innkallinga vart godkjent.

Det var ingen merknader til møteboka.

Meldingssaker

- 000021 Soknepresten har ordet**
Runar las søndagens tekst og delte nokre tankar om denne
- 000022 Rekneskapsrapport 2019**
Rekneskapsrapporten vart gjennomgått i møtet.
- 000023 Orientering om prestesituasjonen**
Skriv frå prosten vart gjennomgått.
- 000024 Lekkasje i tak på Lavik kyrkje**
Kyrkjevevja orienterte
- 000025 Tariffoppgeret er godkjendt og kan iverksetjast**
Sjå rundskriv frå KA
- 000026 Kantor har fullført Masterstudiet**
Kyrkjevevja orienterte
- 000027 Orientering om Kyrkjevalet**
Kyrkjevevja svarte på spørsmål
- 000028 Helseundersøking for alle tilsette**
Alle innkalla til time denne veka
- 000029 Høyanger kyrkjekontor har fått fiberbreiband**

Vedtakssaker

Sak 017/19 LØNSREGULERING KYRKJEVERJE

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd har hatt drøftingsmøte 15. august og 29. august 2019. Partane er samde om løn og vidare arbeid jfr. Protokoll av 15. august og 29. august 2019.

Ny løn for kyrkjeverje er med verknad frå 01.05.2019 kr. 606 000.

Sak 018/19 OMDISPONERING AV MIDLAR TIL KYRKJEVEDLIKEHALD

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd vedtek å utsetje prosjektet med reparasjon av glasmåleri i Høyanger kyrkje. Disponible midlar vert i staden sett inn til å utbetre taklekkasje i Lavik kyrkje. Dessutan må det snarast installerast nytt brannalarmanlegg i Kyrkjebø kyrkje. Resterande midlar 2019 må nyttast til utbetring av tørkeskader i orgel i Høyanger kyrkje.

Sak 019/19 KLAGE PÅ GRAVSTELL I HØYANGER

Vedtak:

Høyanger kyrkjelege fellesråd har gått gjennom og vurdert diverse klager som er komne inn ang. gravstellet. Det er dokumentert at utplanting av sommarblomster er utført i samsvar med avtale. Klagen gjeld at blomane har visna i løpet av sommaren, og at dei visna blomane så er blitt tatt vekk. Når pårørande til grava kjem for å sjå, framstår sommarstellet som mangelfullt utført, når det ikkje er føreteke ny utplanting.

Anleggsgartnerfirmaet vi har avtale med, har no føreteke ny utplanting på alle gravene, og det har dei gjort for eigen kostnad. Høyanger kyrkjelege fellesråd vil i brev til anleggsgartnerfirmaet be om at det for framtidig utplanting på gravene vert nytta blomster som er meir robuste og haldbare.

Sak 020/19 VAL TIL KYRKJELEG ADMINISTRASJONSUTVAL

Vedtak:

Audun Digranes, Geir Ytredal og Solveig Norevik er arbeidsgjevar sine representantar i Kyrkjeleg Administrasjonsutval.

Frå før har dei tilsette valgt sine representantar til utvalet slik:

Gerda Otterstein, medlem - Irene Aase Aarseth, vara
Katarina Vattekar, medlem – Heike Müller, vara

For Høyanger kyrkjelege fellesråd

Bjørnar Otterstein
Kyrkjeverje